



MØTEBOK

Møte: 3-2020
Møtedato: Onsdag 13.05.2020
Møtestad: Moster kyrkje
Tid: 19.30

Desse møtte:

John Olav Habbestad, Kjersti Mæland, Elisabeth Bjørnevik, Trygve Totland, Camilla Rubach, Asbjørn Gundersen, Hans Otto Robberstad, Trygve Leigland, Odd Ingvar Nilssen og Per Harald Gjerde (Vara Moster).

Desse kunne ikkje møta: Heidi Vold Ådnanes og Elin Taranger.

Møtet starta med synfaring på gravplassane på Foldrøy og Moster kl. 18.00.

John Olav Habbestad leia møtet.

Innkalling og sakliste vart godkjend.

2020-03-01 GODKJENNING AV MØTEBOK
Møtebok 2 – 2020 vart godkjent.

2020-03-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Oppdatering/orientering om situasjonen frå 12. mars då landet vart «stengt ned».
 - a. Stabssituasjonen
 - i. Heimekontor, heime med barn, på kontoret.
 - ii. Endra oppgåver til kontorpersonalet (konsulent, pedagogar, kantorar)
 - Konsulenten vart fungerande kyrkjevevje fram til 20. april.
 - iii. Endra/meir oppgåver til nokre av dei tilsette i små stillingar
 - Meir på teknikarane i Bremnes kyrkje som følgje av strøyming.
 - iv. Behov for ekstraressursar
 - Strøyming av gravferder i dei andre kyrkjene.
 - b. Avvikling av gravferder frå 12. mars
 - i. «Dramatisk» start på reduseringar av talet på deltakar
 - Kom brått, vart vondt.
 - ii. «Så få som mogeleg»/aller næraste familie
 - iii. Strøyming av gravferder. Tilbod og innhald.
 - iv. Opptrapping frå 28. april. Maks 50.
 - c. Smittevernplanar og smitteverngrep. Reinhald, stoloppsett.
 - Tiltak vert realisert.

2. Stabssituasjon – tilsetjing m.m.
 - Camilla Rubach er tilsett i vikariatet som kyrkjelydspedagog frå 3. august 2020 til 25. juni 2021.
3. Prosjekt, vedlikehald og framdrift.
 - a. Oppgradering av Bømlo kyrkje. Skisser til orientering (Vedlegg 1 og 2).
 - i. 2. møter med prosjektleiar og arkitekt.
 - b. Oppussing og maling av Moster kyrkje. Konkurransgrunnlag til orientering. (Vedlegg 3)
 - c. Utviding av Vorland gravplass. Skisser til orientering. (Vedlegg 4, 5 og 6)

2020-03-03 VAL AV TILBYDAR TIL NYTT ORGEL I MOSTER KYRKJE


Saka vart orientert og drøfta, og det vart gitt tilbakemelding på at kostnadsramma for prosjektet måtte med i vedtaket.

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesrådet vedtek at Br. Torkildsen Orgelbyggeri AS skal få kontrakten om å byggje nytt orgel til Moster kyrkje med kostnadsramme på inntil 5.100.000,- med forbehold om godkjenning frå biskopen.

Bremnes, den 20. mai 2020

John Olav Habbestad
leiar



Trygve Leigland
kyrkjeverje